

## Referat frå styremøte 23.02.21

**Til stades:** Tone Østtveit Kvinen, Eva Marianne Tennfjord, Åse-Berit Fidjeland, Anita Haugen og Helga Hadland

**Meldt forfall:** Siri Fidjeland

**Sak 06/21:** **Godkjenning av referat**  
Referatet er godkjent med korrekt årstal

**Sak 07/21:** **Evaluering av akedag og skidag**

- Akedagen var koseleg med 46 deltakarar. Det var kaldt, men det var laga til ein kjekk bakke og ungane storkoste seg der.
- Skidagen var koseleg for 30 deltakarar, der tre jenter gjekk på tur i Fåråsen og dei andre var aktive i området på Bruåsen som var laga fint til. Det var i tillegg natursti med vanskelege spørsmål og fine praktiske oppgaver, premiering og samling rundt bålet frå 11.00-14.00.

**Sak 08/21:** **Årsplan**

**a) Bilkino**

Det skjer nok nå når ein del aktivitetar har starta opp att, men det er OK å vera førebudd. Eva har presenning, men må ha hjelp til å sjekka om han er heil. Åse-Berit spør Thomas og Marius om dei kan hjelpa, og Anita kan ev. frakta han når den tid kjem.

Siri hadde fått OK frå smittevernlækjar før jul, og Helin hadde sagt ja til å hjelpa til sidan ho har erfaring. Ein må tenkja på at det ikkje må vera for kaldt, noko det var sist me planla dette, samt at ein må tenkja på snøras, dråpar frå taket og vind pga. lerretet og rørsler i det.

**b) Jordeplekakebaking - medlemsmøte 18. mars kl. 17.00 på Bakkehuset**

Det kan vera maks åtte (8) deltakarar. Anette tar imot påmelding innan 14.03.21 på SMS etter første kvinne til mølla-prinsippet. Dette er eit medlemsmøte, der kvar deltakar betalar kr. 150,-.

Anita lagar "plakat" til FB og utsending til medlemmane, og Åse-Berit legg det inn under *Aktivitetar* på heimesida.

**c) Basar**

Åse-Berit har vore i kontakt med Sirdal sau & geit utan å ha fått noko klart svar. Det er mogleg å selja lodd pr. SMS/Messenger o.l., og ha digital trekning. Det er ikkje sikkert det blir selt så mange lodd, og noko av det kjekke med basar er sjølve basarkvelden, så me utset til oktober og vonar på betre tider.

Dei som allereie har kjøpt lodd, beheld sjølvsagt dei.

**d) Temamøte bygdeutvikling**

- Tone har snakka med May Britt, som kan vera med, men ein må avklara om det er som medlem i SBK eller som tilsett i Sirdal kommune
- i samarbeid med kulturkontoret?
- føredrag v/Roar Werner Vangnes frå Distriktssenteret Sogndal; Berekraftig samfunnsutvikling og verdiskaping
- presentasjon av/stand ved aktuelle lokale aktørar?
- paneldebatt m/m.a. politikarar?

- leiaren i Sirdal bondelag er positiv til å vera med

Det blir sett ned ei styringsgruppe som arbeider vidare med dette;

To frå Sirdal bygdekvinnelag: Tone Kvinen og Anita Haugen

Ein frå Sirdal bondelag: Andreas Liland ?

Ein frå Sirdal kommune: May Britt Ousdal ?

Ein polititar i Sirdal:

Sirdal bygdekvinnelag v/Tone kontaktar rådmannen og ev. ordføraren for å forankra deltaking og kven som skal vera med i styringsgruppa derifrå.

**e) Temamøte Norspinn og ølsmaking for medlemmar 16.04.21**

Tone har vore i kontakt med Elizabeth Aitkens på Norspinn som har hatt stengt lenge pga. korona, men som nå har opna butikk for å selja garn. Dei kan ta imot ti (10) personar, og vil då dela gruppa i to; ei gruppe på omvising i produksjonslokala og ei i butikken.

B20 har ikkje gitt tilbakemelding før møtet, men me satsar på både ølsmaking og servering. Kamil er kokk.

Pris kr. 150,- inkludert buss.

**e) Blometur m/plukking av matnyttige planter**

Denne tek me etter kvart. Eva og Åse-Berit har ansvaret.

**f) Ystepikene - ope sommaravslutning 11. juni**

Helga sjekkar ut eit besøk for om lag 20 personar med avreise frå GP kl. 17.00.

**Sak 09/21: Årsmøte 20. mars 2021**

Åse-Berit og Eva deltar, men har ikkje fått årsmøtepapira endå. Noregs bygdekvinnelag har bestemt at årsmøtet må vera digitalt, og våre to deltakarar sit nok saman under møtet.

**Sak 10/21: Kvinner ut - symjekurs**

Tonstadbadet er positive, og me kan vera der laurdagar kl. 10.00-11.00. Det kostar kr. 100,- pr. person, ev. kr. 990 for ei gruppe over ti (19) personar. Dei stiller med badevakt.

Det bør vera ei symjedyktig bygdekvinne med kvar "kursdeltakar", og kurset bør gå over 5-6 veker. Me kan spørja om aktuelle frivillege når me sender ut informasjon om jordeplekakebaking. Åse-Berit spør Gry Iren Josdal om hjelp til å formidla kontakt med aktuelle kandidatar.

Etter kurset kan me gå på kafé eller invitera gruppa heim.

**Sak 11/21: Anna**

**a) Innbetaling av medlemskontingent**

Nå kan ein finna faktura på *Min side* på heimesida til SBK/NBK, og nokon har fått e-post med informasjon, medan andre har fått brev.

Me reagerer på høg kontingent, og er engstelege for at fleire let vera å melda seg inn pga. prisen. I tillegg er me undrande til at lokallaget ikkje

får noko av innbetalt kontingent. Me sjekkar med Solveig Marie om dette bør tas opp att på årsmøtet.

**b) Nye innbuarar**

Ikkje besøkt:	Aksel Philip i Kjevå	Åse-Berit
	Lone og Terje Ousdal	Helga (m/barselbesøk)
	Gaute Dorga	Åse-Berit
	Harald (Myraleide)	Åse-Berit

Nye innbuarar:	Mats frå Evje, Myraleide	Helga
	Laura (?) frå Skottland	Helga
	Dei fire i Mynkya	Eva

**Nytt møte:** Tysdag 20. april kl. 19.00 på Sinnes skule;  
Revisjon av velkomstbrev m.m.